



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 06.12.2018
Møtetid: kl. 19:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Bjørn Tore Sæle, Per Audun Heskestad, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Marit Jøssang, Synnøve Kårstad Ryland.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug

Meldt forfall:

Andreas Westermoen, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 01.11.18 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000019 Vedtak i formannskap om kyrkje, tomt og avtale

Dette er vedteke i formannskapet 28.11: Kyrkjeinvesteringa er sett til seinare og ikkje i komande økonomiplan (2019-22). Det er sett av 5,5 millionar til kjøp av sentrumsareal og planlegging i 2019. Avtalen om bygging og finansiering vart ikkje vedteken pga økonomiplanvedtaket, men det vart vedteke å gå i nye forhandlingar om ein intensjonsavtale med soknerådet, som skal gjelde også i Alver kommune. Sakene går vidare til kommunestyrehandsaming 12.12.

Sak 017/18 Møteplan våren 2019

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

AU	Soknerådet	Merknad	Stad
02.01	17.01 kl. 18.00	Siste frist budsjettvedtak	Møteplassen
	29.01 kl. 18.00	Ekstra møte innstilling spesialprest	Møteplassen
	15-16.2	Strategitur/dag for stab og sokneråd	
29.01	21.02 kl. 18.00	Frist årsmelding og årsrekneskap 1. mars	Møteplassen
	Søn 10.03 kl. 13.00	Årsmøte	Nordgardsløa eller Tveit bedehus
13.03	04.04 kl. 18.00		
?	28.05 (tysdag) kl.	Møteplan og gudstenesteplan	



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

18.00		
-------	--	--

Møteplan kyrkjeleg fellesnemd Alver

Onsdag 13.02 kl. 16.00

Onsdag 10.04 kl. 16.00

Onsdag 05.06 kl. 16.00

Sak 018/18 Val av leiar og nestleiar for 2019

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Regine Sagstad Berg vart valt som leiar og Ingunn Reistad som nestleiar for 2019. Valet vart gjort med akklamasjon.

Sak 019/18 Høyrings svar ny kyrkjeordning

Forslag til vedtak:

Nokre førande prinsipp:

Når kyrkja no skal skrive si eiga kyrkjeordning, meiner Meland sokneråd nokre prinsipp bør vere førande:

- At soknet er den grunnleggande eininga i kyrkja, og soknet bør få gode høve til å leie kyrkjelyden i den retninga lokalsamfunnet treng. Det er i soknet det viktigaste i kyrkja skjer, og kyrkjeordninga må difor ikkje vere prega av eit topptungt byråkrati eller styringsorgan, men av sokn som er store nok og har gode nok reiskapar til å fremje «stadig fornying og aktiv engasjement» (jf formål med kyrkjeordninga, sjå ang § 1 nedanfor) . Samtidig trengs det gode ordningar for tilsyn og samordning.
- At kyrkja no sjølv må setje opp ordningar for val og anna som er tenleg for kyrkja sin eigenart, og ikkje «kopiere» ordningar frå kommune og stat, sjølv om ein har hatt ei svært lang historie med tette band til det offentleg apparatet.
- At kyrkja vurderer å endre forhold som heng igjen frå tida som «monopolkyrkje», for eksempel namnet, sidan «Den norske kyrkja» er eit ekskluderande namn for andre kyrkjesamfunn. Det same gjeld valordninga med val på same dato og samlokalisering med kommunevalet.

Om valordninga:

Valordninga for bispedømeråd bør tilbakeførast til tidlegare valordning med indirekte val. Dagens valordning viser seg å vere sårbar for kampanjar i tilfeldige enkeltsaker, fordi informasjon om kandidatane er svært vanskeleg å formidle til den store medlemsmassen, og unyansert informasjon får avgjere eit viktig



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

val. Når valfunksjonærane i stor grad opplever at dei som skal røyste spør i vallokalet om kva dei ulike representantane står for, er det eit klart teikn på at dei røysteføre ikkje er førebudd. Bispedømerådet og kyrkjemøtet treng medlemmer som har eit heilskapssyn på kyrkja, bør ha erfaring frå kyrkjeleg arbeid, vere genuint oppteken av kyrkja sitt formål og kyrkja si lære, slik det også er uttrykt i § 6 «skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot DNK sitt læregrunnlag» og ikkje er verva på grunn av enkeltsaker.

Ei anna stor ulempe ved valordninga slik ho er i dag er at ho er svært ressurskrevjande, utan at resultatet for valet overtyder om at det er vellukka. Valprosenten har gått opp, men det har krevd mange millionar kroner og mange arbeidstimar. Er dette rett bruk av midlar? Samtidig er det uheldig for kyrkja at valet blir sett på som noko liknande som kommunevalet. I andre land må ein i tillegg til å vere medlem også på ein eller annan måte vise ei viss interesse for kyrkjeleg verksemd. Å møte i kyrkja på valdagen kunne vore eit enkelt grep for å vise interesse frå medlemmene. Viss ein hadde fått meir økonomiske ressursar for å informere for eit slikt type kyrkjeval, og hatt ei godt utbygd ordning for førehandsrøysting, kunne ein fått opp ein anna valprosent enn før den siste omlegginga til kommunale vallokale. Dette har ikkje vore utprøvd.

Konkrete framlegg til endringar i utkastet:

Dagens §1 bør vidareførast.

«Formålet med kyrkjeordninga er å legge forholda til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.»

§ 3 Siste setning bør endrast til «Alle døypte er kalla til **å tru på Gud**, tene Gud og medmenneske og ta del i kyrkja sitt liv.»

§4 er tilstrekkeleg. Å tilføye verdiord tillegg til desse, som KA foreslår, får lett ei slagside prega av dagens mentalitet.

§ 5 Første setning bør endrast til « Oppdraget til den norske kyrkja blir ivareteke i eit tenestefelleskap av frivillige, **valte råd**, tilsette og vigsla personar»

§ 6 Bør få eit tillegg «**Valte styringsorganer med personal- og forvaltningsansvar skal ha ein daglig leiar som står ansvarlig overfor desse**»

§ 32. d) Valordninga for bispedømeråd bør tilbakeførast til tidlegare valordning med indirekte val.

§ 39. Formålet for bispemøtet bør vidareførast uendra som i dagens §26.

§ 50 Endringsreglane for kapittel 1 bør stå i kapittel 1

Møtebehandling:

Framlegg til tillegg i vedtaksteksten

Meland sokneråd vedtek følgjande svar til høyringa:

Vi vil kome med nokre førande prinsipp, om valordninga og konkrete endringar i framlegget til kyrkjeordning.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

§22 Oppgåvene til soknemøtet

Soknemøtet avgjer saker om innføring av gudstenestelege bøker i kyrkja. Soknemøtet avgjer også andre saker som blir overlata til soknemøtet å avgjere etter nærare føresegner av Kyrkjemøtet eller andre kyrkjelege organ.

Det vart røysta over tillegg til vedtaksteksten. Samrøysta vedtak

Det endra framlegget til vedtak vart samrøysta vedteke.

Vedtak:

Meland sokneråd vedtek følgjande svar til høyringa:

Vi vil kome med nokre førande prinsipp, om valordninga og konkrete endringar i framlegget til kyrkjeordning.

Nokre førande prinsipp:

Når kyrkja no skal skrive si eiga kyrkjeordning, meiner Meland sokneråd nokre prinsipp bør vere førande:

- At soknet er den grunnleggande eininga i kyrkja, og soknet bør få gode høve til å leie kyrkjelyden i den retninga lokalsamfunnet treng. Det er i soknet det viktigaste i kyrkja skjer, og kyrkjeordninga må difor ikkje vere prega av eit topptungt byråkrati eller styringsorgan, men av sokn som er store nok og har gode nok reiskapar til å fremje «stadig fornying og aktiv engasjement» (jf formål med kyrkjeordninga, sjå ang § 1 nedanfor) . Samtidig trengs det gode ordningar for tilsyn og samordning.
- At kyrkja no sjølv må setje opp ordningar for val og anna som er tenleg for kyrkja sin eigenart, og ikkje «kopiere» ordningar frå kommune og stat, sjølv om ein har hatt ei svært lang historie med tette band til det offentleg apparatet.
- At kyrkja vurderer å endre forhold som heng igjen frå tida som «monopolkyrkje», for eksempel namnet, sidan «Den norske kyrkja» er eit ekskluderande namn for andre kyrkjesamfunn. Det same gjeld valordninga med val på same dato og samløkalisering med kommunevalet.

Om valordninga:

Valordninga for bispedømeråd bør tilbakeførast til tidlegare valordning med indirekte val. Dagens valordning viser seg å vere sårbart for kampanjar i tilfeldige enkeltsaker, fordi informasjon om kandidatane er svært vanskeleg å formidle til den store medlemsmassen, og unyansert informasjon får avgjere eit viktig val. Når valfunksjonærene i stor grad opplever at dei som skal røyste spør i vallokalet om kva dei ulike representantane står for, er det eit klart teikn på at dei røysteføre ikkje er førebudd. Bispedømerådet og kyrkjemøtet treng medlemmer som har eit heilskapssyn på kyrkja, bør ha erfaring frå kyrkjeleg arbeid, vere genuint oppteken av kyrkja sitt formål og kyrkja si lære, slik det også er uttrykt i § 6 «skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot DNK sitt læregrunnlag» og ikkje er verva på grunn av enkeltsaker.

Ei anna stor ulempe ved valordninga slik ho er i dag er at ho er svært ressurskrevjande, utan at resultatet for valet overtyder om at det er vellukka. Valprosenten har gått opp, men det har krevd mange millionar kroner



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

og mange arbeidstimar. Er dette rett bruk av midlar? Samtidig er det uheldig for kyrkja at valet blir sett på som noko liknande som kommunevalet. I andre land må ein i tillegg til å vere medlem også på ein eller annan måte vise ei viss interesse for kyrkjeleg verksemd. Å møte i kyrkja på valdagen kunne vore eit enkelt grep for å vise interesse frå medlemmene. Viss ein hadde fått meir økonomiske ressursar for å informere for eit slikt type kyrkjeval, og hatt ei godt utbygd ordning for førehandsrøysting, kunne ein fått opp ein anna valprosent enn før den siste omlegginga til kommunale vallokale. Dette har ikkje vore utprøvd.

Konkrete framlegg til endringar i utkastet:

Dagens §1 bør vidareførast.

«Formålet med kyrkjeordninga er å legge forholda til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.»

§ 3 Siste setning bør endrast til «Alle døypte er kalla til å **tru på Gud**, tene Gud og medmenneske og ta del i kyrkja sitt liv.»

§4 er tilstrekkeleg. Å tilføye verdior d tillegg til desse, som KA foreslår, får lett ei slagside prega av dagens mentalitet.

§ 5 Første setning bør endrast til « Oppdraget til den norske kyrkja blir ivareteke i eit tenestefellesskap av frivillige, **valte råd**, tilsette og vigsla personar»

§ 6 Bør få eit tillegg «**Valte styringsorganer med personal- og forvaltningsansvar skal ha ein daglig leiar som står ansvarlig overfor desse**»

§22 Framlegg til endra tekst:

«Soknemøtet avgjer saker om innføring av gudstenestelege bøker i kyrkja. Soknemøtet avgjer også andre saker som blir overlate til soknemøtet å avgjere etter nærare føresegner av Kyrkjemøtet eller andre kyrkjelege organ.»

§ 32. d) Valordninga for bispedømeråd bør tilbakeførast til tidlegare valordning med indirekte val.

§ 39. Formålet for bispemøtet bør vidareførast uendra som i dagens §26.

§ 50 Endringsreglane for kapittel 1 bør stå i kapittel 1

Vedtaket var samrøysta.

Sak 020/18 Budsjett 2019

Forslag til vedtak:

Framlegg til å auke inntektene:

*

*



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Framlegg til innsparingar:

*

*

Framlegg til prioriteringsliste investering*

1.

2.

3.

4.

Etc

Framlegg til prioriteringsliste drift

Møtebehandling:

Det vart gjort eit arbeid med å kome med idear til innsparingar, inntekter og prioriteringar. Resultatet av dette kjem i eit eige notat, saman med tilsvarande notert frå møte i staben.

Budsjettvedtaket vart utsett. Leiga for Møteplassen til selskap etc vart sett til kr 1500.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje